



Jan Magne Keilegavlen  
Keilegavlsvegen 227  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/187 - 23/1359

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
06.02.2023

## Løyve til gjødselsilo og planering av terreng på gbnr 128/3 og 5 - Leirvåg

### Administrativt vedtak. Saknr: 013/23

Vi syner til søknad motteke 03.02.2023

### Vedtak

**Det vert godkjent oppføring av gjødselsilo og planering av terreng i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:**

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.

### Saksutgreiing:

### Tiltak

Søknaden datert den 19.01.2023 gjeld oppføring av gjødselsilo AM-kum med bebygd areal på ca. 183 m<sup>2</sup> på attgrodd innmarksbeite. Høgda er på om lag 3 meter og diameteren er på 15,28 meter. Siloen har kapasitet på om lag 567 m<sup>3</sup> når den er full. Det er tak over gjødselsiloen. Duken går over kanten slik at gjødsel ikkje kan renna ned mellom duken og stålveggen om tanken vert overfylt. Dette er for å unngå korrosjon og rust i tillegg til å halde regnvatnet ute. Agromiljø sitt gjødsellager har ein platetykkelse på 2mm i heile høgda, dette gjer tanken meir stabil. Dette er spesielt viktig i vindutsatte område som her.



Planering av haug/stein med kratt på i nærleiken i eit skogsområde /uthogd er med i søknad, massane skal brukast her som fundament til silo, dette området vert slåttemark etterpå. Opprustinga av tilkomstveg/eksisterende gardsveg frå haugen til kum er ikkje søknadspliktig tiltak og kan gjerast som forklart på synfaring. Det skal kunne køyrast omkring gjødselkummen på alle sider, det vert teke omsyn til grensegard i stein her.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga. Fullmakt frå grunneigar Judith Monsen er signert den 27.01.2023 og er vedlagt søknad.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen for området er definert som LNF-område. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med kommuneplanen som vart godkjent den 11.04.2019. Vedlagt kart viser plassering av gjødselkum, merka nr. 1 og planering av mindre haug er merka nr. 2.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Austrheim kommune finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

### **Situasjonsplan og terrengprofilar**

Tiltaket er teikna inn og forklart med tilstrekkeleg målsetting (avstand bustad til andre bygg, avstand bustad til nabogrenser, avstand bustad senter veg). Situasjonsplanen viser terrengendringar som følgje av det nye tiltaket (skjering, fylling, støttemurar og liknande.) Tilkomst/avkøyring til det nye tiltaket er og vist, den er frå eksisterande landbruksveg.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket er prosjekterast og vert utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## Konklusjon:

### **Det vert godkjent oppføring av gjødselsilo og planering av terreng som omsøkt.**

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Området må vera plant/planert og utan skarpe steinar. Byggegrunn må vera av einsartet masse for å unngå telehiv. Sidan kummen skal brukast til lagring av gjødsel skal det leggjast frostfri drenering utvendig rundt gjødselkum (det vert anbefalt 1 meter utanfor radius av kum). Vidare må dreneringsryør leggjast til inspeksjonskum. Instruksar frå Agromiljø AS må følgjast her.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal søkar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10 og nødvendig sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.  
Skjema for søknad om ferdigattest finn søkjar på heimeside:

[https://dibk.no/globalassets/blanketter\\_utfyllbare/alle-blanketter/5167-soknad-om-ferdigattest-2020.pdf](https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5167-soknad-om-ferdigattest-2020.pdf)

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik. Gjødselkummen må tola sterk vind og klimaet i området.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Lykke til med arbeidet og gardsdrifta vidare!

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Kopi til:**

Alf Kvant

**Mottakere:**

Jan Magne Keilegavlen

Keilegavlsvegen 5953  
227

FONNES